



DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Innkalling til møte i Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Tid: 17.08.2022 kl. 19:00

Stad: Kyrkjekontoret, Møtesal

Desse er kalla inn:

| | |
|-------------------------|-----------------------|
| Odd Arne Vikebak | Leiar |
| Annelise Kleven Godø | Nesteleiar |
| Cecilie Frantsen Skeide | Medlem |
| Karianne Sveen Orvik | Medlem |
| Bodil Muren Voldskund | Medlem |
| Karete Malen Nesset | Medlem |
| Lidbjørn Vattøy | Medlem |
| Hannelore Måseide | Medlem |
| Margit Lovise Holte | geistleg representant |
| Knut Erik Engh | kommunal representant |
| André Sæter | 1. vara |
| Christfried Kaul | sekretær |

Forfall må meldast snarast.

Varamedlemmar får særskild innkalling når dei blir kalla inn til møte

Sakliste:

| Saksnr | § | Sakstittel | Sakshandsamar |
|-----------|---|---|---------------|
| F-2022/31 | | Stilling som kantor frå hausten 2022 av | 212.0 |
| S-2022/32 | | Arbeid i Ulstein kyrkjelyd | 309.0 |
| S-2022/33 | | Konsert i Ulstein kyrkje hausten 2022 | 354.0 |
| | | | |

Meldingar:**S016 Arbeid med integrering av flyktninar**

Både Ulstein KFUK-KFUM og soknet har fått midlar til å halde fram og vidareutvikle sitt gode arbeid med integrering av flyktninger frå Ukraina. Dette vil gi oss rom til å knyte til oss litt personelle ressursar i haust til at dette ikkje går på bekostning av det vanlege arbeidet i soknet. Vi kan hente inn nokre ressursar innanfor diakonifeltet og barne- og ungdomsarbeid.

S017 Avskjedskonsert for og med Ståle Helvig

Planer er lagt for ein flott konsert 01. september kl. 19:00 med mange aktørar. Kakebord og muligheter for helsingar på Fredheim etter konserten. Overrekking av soknet sin avskjedsgåve.

S018 Vidare drift av Byggeklossen open barnehage frå hausten av

Det er ingen tilsett for tida til å drive Byggeklossen open barnehage vidare slik den var før sommaren 2022. Administrasjonen ønskjer å følgje opp vedtaket frå sak 22-2022 og sjå vidare drift i haust i samanheng med tiltak for integrering av flyktninger og med ei fornøya satsing saman med KFUK-KFUM for aldersgruppa 25-40 / barnefamilier.

Ulsteinvik, den 11.08.2022

| | |
|-------------------|------------------|
| Odd Arne Vikebakk | Christfried Kaul |
| Leiar | Sekretær |

F-SAK 2022/31 Stilling som kantor frå hausten 2022 av

UTGREIING

Vedlegg:

utkast til utlysingstekst kantor / kyrkjemusikar

Stilling som kantor har vore lyst ut fire gongar sidan 2019 utan at vi har fått oss ny kantor. Siste gong har utlysingteksten opna for nye måter å tenkje kantorstillinga på. Heller ikkje dette grepet har gitt oss ønskja resultat.

Administrasjonsutval foreslår difor å lyse ut stilling som ei heil stilling igjen. Med tanke på at vi er inne i ein fase der vi treng å løyse oppgåvene med vikarar er det viktig å kome fort i mål med tilsettinga og vi treng å gjøre det kjent at vi framleis treng ein kantor. På den andre sida er tidspunktetrett etter sommaren ikkje det beste, slik at ein også bør vere open for søkerarar si\\m først kan tiltre stillinga ved årsskifte, eller til og med sommaren 2023.

Administrasjonsutval foreslår også at det blir drøfta med andre fellesråd om det kan vere aktuelt for å samarbeide om organisttenester opp til 20% slik at det kan vere rom for å knyte til seg ressursar til å drive musikalske prosjekt i kyrkjelyden.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd lyser ut stilling som kantor / kyrkjemusikar i 100% med søknadsfrist 01. oktober 2022.

Kantor / organist Ulstein sokn 100%

Ulstein kyrkjelege fellesråd lyser ut stilling som kantor / organist i Ulstein sokn

Vi søker etter ein engasjert kantor / kyrkjemusikar som vil utvikle det kyrkjemusikalske arbeidet, og styrke songleda i kyrkjelyden saman med frivillige og i arbeidsfellesskapen med staben.

Ulstein sokn er ein stor og aktiv kyrkjelyd med ei soknekyrkje lokalisert i sentrum til Ulsteinvik.

Den høge oppslutninga om gudstenestene, det gode samarbeidet med lag og organisasjonar, eit rikt kulturliv og eit godt samarbeid med skuler og barnehagar gjer kyrkjelyden til ein attraktiv samfunnsaktør. I kyrkjelyden er alle generasjonar og mange nasjonalitetar representerte, og det er stor frivillig aktivitet i mange aldersgrupper. Soknet driv kor og kulturarbeid, Open barnehage, diakonalt arbeid mot eldre og flyktningar, sorggrupper og ulike temasamlingar i tillegg til trusopplæring og anna fellesskapsbyggande arbeid.

Kyrkjekontoret har eigne lokale i sentrum like ved kyrkja. Staben er samansett av: kyrkjeverje (100%), sokneprest (100%), kapellan / 100%, kantor (100%), kateket(100%), diakon (100%), kyrkjelydspedagog (100%), kyrkjetenar (35%), klokkar/(13%), sekretær (100%) og b/u-arbeidar (20%) I tillegg har vi til saman 115% stilling på kyrkjegarden og 20% stilling knytt til kyrkjelydens barnehage.

Ulstein sokn har føreseielege rammevilkår gjennom ein detaljert avtale med kommunen. Det er gode og positive samarbeidstilhøve mellom embets- og rådsstrukturen og med sokneråd og fellesråd, og det er eit godt arbeidsmiljø ved kontoret.

Det vil bli lagt vekt på at den som blir tilsett er eigna for stillinga, og vi vi har forventningar til at søkeren har:

- Evne til å inspirere og skape songlede
- Evne og vilje til både å arbeide sjølvstendig og i team med stab og med frivillige, og med ulike musikalske aktørar
- Evne til å ta initiativ og å fremja kyrkja sin plass i lokalsamfunnet
- Evne til å vere løysingsorientert, kreativ og fleksibel

Vi tilbyr:

- Godt kollegialt samarbeidsklima og fellesskap
- Spanande og varierte arbeidsoppgåver
- Høve til å profilere seg som musikkar
- Høve til sjølv å påverke eigen arbeidssituasjon
- Orgelet i Ulstein kyrkje er eit mekanisk sløyfelage-orgel, bygd av Paul Ott i 1976.Ombygget / utvida i 2007. Setzer-anlegg for førhandsregistrering. Orgelet har idag 19 stemmer.
- I desember 2019 fekk kyrkja eit nytt Steinway K-132 piano
- Løn etter regulativ i KA
- Pensjons- og forsikringsordninger i KLP
- Ulstein kyrkjelege fellesråd er IA-bedrift

Arbeidsoppgåver:

- Spele til gudsteneste på søndag, nokre kvardagar og på høgtidsdagane
- Spele til gravferd, gjennomsnittleg 1 i veka
- Spele på institusjonsandaktene
- Spele til vigsle, ca. 1 i månad – men mest i sommerhalvåret
- Legge til rette for og gjennomføre konsert og musikalske prosjekt
- Samarbeide med stab og frivillige musikalske krefter
- Førebue og gjennomføre korøvingar saman med frivillige
- Fornye og inspirere kyrkjelydens musikkarbeid

Kvalifikasjoner:

- Vi søker ein kantor / musikar med kvalifikasjoner og erfaringar innan kyrkjemusikk
- Søkjarar med annan relevant utdanning eller bakgrunn er også velkomne til å søkje.

- Søkjaren må kunne handtere både orgel og piano til liturgi, salme- og allsong og i samspel med andre musikarar
- Det vert vist til «Kvalifikasjonskrav og tenesteordning for kantorar» fastsett av Kyrkjemøtet og «Plan for kyrkjemusikk for Den norske kyrkja».
- Søkjaren må kunne kommunisere flytande norsk, munnleg og skriftleg.

Anna:

- Det er eit uformelt samarbeid med andre fellesråd i prostiet om vikartenester innan kyrkjemusikk.
- Den som blir tilsett må vere medlem i Den norske kyrkja
- Den som blir tilsett må legge fram politiattest.
- Tiltreding i stillinga så fort som råd, seinast vår/sommar 2023
- Les meir om Ulstein sokn: www.ulsteinkyrkje.no
- Søknad sendes til: post.ulstein@kyrkja.no
- Søknadsfrist: 1. oktober
- Ved spørsmål eller meir informasjon ta kontakt med kyrkjeverje Christfried Kaul, tel.: 91696820

S-SAK 2022/32 Arbeid i Ulstein kyrkjelyd

UTGREIING

Vedlegg:

*Notat om føreslegne tiltak etter felles møte mellom Ulstein KFUK-KFUM og Ulstein sokn.
Notat om Barnas kyrkje*

Det var eit inspirerande møte mellom Ulstein sokn og Ulstein KFUK-KFUM med gode samtaler og mange gode konkrete tiltak som kan setjast i gang. Vi ønskjer å halde samtalet i gang om korleis nye initiativ vil setje preg på kyrkjelyden sitt arbeid og sine planer framover.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak.

Tiltak etter åpent møte Ulstein Sokn + KFUK

Her er noen tiltak vi har snakka om at vi kan sette i gang i etterkant av det åpne møtet på Fredheim. Det kom mange gode innspill, og vi vil gjerne ta det som ble sagt på alvor! Kanskje har dere allerede tenkt noe eller snakka om noe, men her er hvertfall noen av våre tanker. Forslagene til navn er bare et forslag, vi må høre med folk hva de har lyst til å bidra med.

Noe for unge voksne uten barn – Mirjam tar ansvar (i samarbeid med KFUK?)

Det var tydelig at det er ønskelig med noe kirkelig rettet mot unge voksne. Lovsang var nevnt som savnet av flere. Kanskje kan man arrangere lovsangskveld m. mer en torsdag i måneden kl 20.00? Evt søndag kl 20.00. Da vil vi gjerne at dette skal drives av andre enn de i staben, og ikke være avhengig av stab, men Mirjam drar gjerne i gang. Hvis det er på torsdager, kunne man fått til en rytme med lovsangskveld annenhver torsdag og temakveld annenhver torsdag? Dette må være opp til dem som er i komite.

Forslag til folk vi kan spørre til komite: Henrik Sandstad, Olaug Vikebakk, Tomine og Ruben, Mari Lunde, Sunniva? Andreas Halle. (Andreas Sæbø hvis han ikke flytter).

Familiegudsteneste

Vi ønsker å prøves oss på gudstjenesteteam til enkelte familiegudstjenester. Planen er da å samle et team som møtes tirsdag før søndagen, evt uka før, og sammen med prest utforme gudstjenesten. Kanskje også tenke ut om det er noe gøy som kan skje etter gudstjenesten. Det kan være ulike team, eller et team som arrangerer mange familiegudstjenester. Det er en fordel at det er et litt kontinuerlig arbeid, kanskje man er med å utforme 2-3 familiegudstenester pr år f.eks.

Familiegudstjenester i høst er: 28.08 (Kick-off), 25.09 (Høsttakkefest), 23.10 (Bibelutdeling 5.klasse), 27.11 (Lys våken).

Forslag til folk vi kan spørre til komite: Oda Hofseth. Øyvind Grimstad Hagen. Birgitte Førre og Erlend Førre. Helge Tvedt. Hennie Anett Viseth. Andre Sæter og Karine Sæter. Kristian Osnes.

Tematimer torsdager i samarbeid med KFUK og NMS

Vi ønsker at temakvelder på Fredheim skal få en litt mer jevn og forutsigbar rytme. Dette må nok bare komme litt ordentlig i gang igjen etter koronatiden. Kanskje man skal få noen nye inn i komiteen også?

Evt nye å spørre: Hildegunn, Håkon Igland, Silje K. Aksnes, Anne Kristine Bollestad. (Kamilla G.Hagen og Christina G.Brekke er vel allerede med?).

Familieleir

Vi sier JA til familieleir. Margit tar kontakt med **Ole Terje Sukka og Kamilla Grimstad Hagen** gir grønt lys til å arrangere leir – tror de allerede har fått litt grønt lys av Christfried 😊 Familieleir bør også være noe som kan arrangeres uavhengig av staben, men med heiring og tilrettelegging fra stab!

Andre ting

- **Lage hyggeligere leikekrok – gjør det gøy for barn å være i kirka:** Mirjam og Ingrid er på ballen. Gjøre leikekroken litt mer permanent bakerst der. Se på muligheten for å lage plass til barn i dåpssakristiet (men det krever at noen tar ansvar for å gjøre det klart for barn etter at dåpsfamilier har vært der).
- **Ta vare på våre frivillige:** Poste «Ukas frivillig». Gi en gave til alle våre frivillige til jul eller sommer. Lage gode planer god tid i forveien med oversikt over frivillige. Tilbakemeldingen fra møtet var at det er lettere å si ja til noe god tid i forveien. Spørre folk om å gjøre noe sammen med andre vi tenker de vil synes det er gøy å jobbe sammen med. Tenke over hvilke talenter vi kan utnytte i vår menighet.
- **Oversikt over hva som skjer for barnefamilier.** Vi har laget en oversikt over hva som skjer i kirka på søndager for barn. Legger den ved. Formålet med oversikten er at foreldre med barn skal vite at det skjer noe i kirka hver søndag også for barna. Det er kun to-tre søndager det ikke skjer noe, kanskje er det mulig å legge til rette for barneforening i dåpssakristiet disse søndagene? Spørre Barbro Torvik og Viseth?
- **Matpakketur** ble nevnt som noe som har blitt gjort før etter gudstjeneste. Til høsten ønsker vi å ha to matpakketurer i september og oktober.
- **Musikk i gudstjeneste.** Vi fikk inn forslag om å ha en lovsang pr gudstjeneste og en barnevennlig sang før søndagsskolen går ut. Dette forslaget tar vi med oss videre, og kan diskuteres med ny kantor etter hvert.

BARNAS KIRKE: Supersøndag, søndagsskole og søndagsforening

Det skjer noko kvar søndag for barn i Ulstein kyrkje.

Kvar siste søndag i måneden er det SUPERSØNDAG.

Annenkvar søndag er det søndagsskole. Da startar vi i kyrkja kl 11.00, også går alle barn som vil til Fredheim for å vere med på søndagsskule.

AUGUST

28.08: Familiegudsteneste: Kick-Off

SEPTEMBER

04.09. Søndagsskole Fredheim.

11.09 Ingenting (konfirmasjoner)

18.09. Søndagsskole Fredheim. Matpakketur etter gudstenesta.

25.09: Familiegudsteneste: Høsttakkefest

OKTOBER

02.10. Søndagsskole Fredheim (NMS-gudsteneste – misjonsløp på kirkekaffen?)

(09.10: MULIGHET: Leik på kyrkjeloftet/Barneforening i dåpssakristiet: Vannmaling/tegning/perling)

16.10. Søndagsskole Fredheim (2. søndag i haustferie) Matpakketur etter gudstenesta.

23.10: Familiegudsteneste: Bibelutdeling 5.klasse

30.10: Tverrkirkelig gudsteneste på Sjøborg

NOVEMBER

06.11. Søndagsskole Fredheim (Allehelgenssøndag)

13.11: Familiegudsteneste: Speiderne deltek

20.11. Søndagsskole Fredheim

27.11: Familiegudsteneste: 1s i advent

DESEMBER

04.12: Søndagsskole Fredheim avslutning (oppmøte på Fredheim)

(11.12: MULIGHET: Barneforening i dåpssakristiet: Lage julekort)

18.12: Julesonggudsteneste med Fjørresteinane

S-SAK 2022/33 Konsert i Ulstein kyrkje hausten 2022

UTGREIING

Vedlegg:

*Særutskrift SR- vedtak 2016-31. Rutiner ved godkjenning av konsert i Ulstein kyrkje
Konsertforespørsel Mosaic*

Følgjande konsert er planlagt hausten 2022:

- 01.09.Avskjedskonsert Ståle Helvig
- 21./22.10.HDU - kyrkjekonsert (årleg, tidspunkt usikker)
- 06.11.Jazz & Koral
- 18.11.Gospelnight Ten Sing
- 27.11.Julekonsert Con Moto
- 11.12.Julekonsert Wenche Myhre
- 18.12.Vi syng julalinn
- 22.12.Julenattiné

Mosaic har hatt julekonsert i Ulstein kyrkje tidlegare og det er flotte konsert dei leverer. Sjølv om koret ikkje tek honorar er det ein del utgifter knytt til konsert med reise, lyd og lys og litt arbeid med å skaffe overnatting i private hjem. Sist var det 160 solgte billettar som var naudsynt for å dekke kostnadene.

Koret kan muligens inspirere lokalmiljøet med tanke på korarbeid. Det trengst ei vurdering om juleprogrammet blir for tett og om konserten går på bekostning av andre konsert i tidsrommet. Vi treng også å vurdere den økonomiske risikoen som er knytt til konserten med MOSAIC.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak



DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

**Særutskrift
for
Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd**

Tid: 21.09.2016

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd har i møte den 21.09.2016 hatt denne saka til handsaming:

2016/31 Rutiner ved godkjenning av konserter i Ulstein kyrkje

VEDTAK

Sokneprest og organist får fullmakt til å vurdere ut ifrå det ansvaret som er beskrive ovanfor til å godkjenne eventuelle konsertførespurnader. Ved tvil og ved avslag bli saka lagt fram for soknerådet.

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd
Christfried Kaul

Ulstein Postmottak

Fra: Mosaic <koretmosaic@gmail.com>
Sendt: onsdag 22. juni 2022 19.26
Til: Ulstein Postmottak
Emne: Juleturnè med Mosaic

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Hei!

Vi er i gang med å planlegge årets juleturnè 2022 med gospelkoret Mosaic og en ny tur til Sunnmøre er oppe for vurdering.

Da vi satt pris på samarbeidet sist, ønsker vi i den forbindelse å høre om dere kan være interessert i å ha konsert med Mosaic igjen i desember?

Ser frem til å høre fra dere!

mvh Styret i Mosaic